

**ÅRSRAPPORT FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL  
VERNEOMRÅDESTYRET I SETESDAL VESTHEI,  
RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE  
2015**



*Kjerag*

**SNO ansatte:  
Peter Hermansen  
Jon Erling Skåtan  
Reidar Johan Sandal**

Oppsynstenesta i 2015 har vore gjennomført om lag som dei føregåande åra, men bemanninga har diverre vorte ytterlegare svekka i år. I praksis har me stort sett berre vore 2 SNO-tilsette som har hatt teneste i desse verneområda, og me har i tillegg mange gjeremål i andre område. I samband med kontroll av motorferdsle og jaktoppsyn har me hatt noko bistand frå kollegar i regionen.

Samarbeidet med forvaltarane og styret syns me framleis fungerer særst godt. Oppsynet forsøker så langt råd er å stå til teneste når forvaltinga har behov for det, òg med ting som ikkje er forutsett i bestillingsdialogen.

Me gleder oss til å vidareføre dette til det nye styret som trer i funksjon på nyåret.

## **1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn, informasjon mv**

Aktiviteten har vore på same nivå som i 2014. I år har me brukt noko meir tid i Sirdalsområdet og Frafjordheiane. Det vil me vidareføre i 2016, særleg i Frafjordheiane. Dette området har særst høge besøkstal og bør ha meir merksemd frå SNO.

- **Villrein**

### ***Kort om aktivitet***

Me har som tidlegare år bidrege med oppfølging av merkeprosjekta i Setesdalsheiane. I vinter vart det ikkje merka nye dyr. Me tilrådde at merkinga vart avlyst i år, grunna ising og store snømengder. I ettertid viste nok det seg å vera rett, då kalvetilveksten vart låg i år. No er det berre att 6 simler som sender signal, 4 i sør og 2 i nord. Truleg vil desse gå tom for straum i vinter. Det er planar om å merka om lag 10 dyr i vinter.

SNO deltok på kalveteljninga, og gjennomførte som vanleg kalveregistrering i Ljosådalen og Hisdalområdet siste veka i mai. Me bistod òg villreinlaget på Vestheia med kalveteljning og strukturteljning.

Under villreinjakta koordinerte SNO oppsynet i regionen. Det er framleis noko slurv og manglande kunnskap i samband med utfylling av villreinkort, men det har betra seg. Det meste av regelbrot vert ordna med åtvaringar, men me anmeldte ei sak for grov feilskyting.


Det meste av villreinjakta har som vanleg føregått i Aust-Agder. Av ei kvote på 2580 dyr var det felt 408. Det gir ein fellingsprosent på berre 15,8. Både nord og sør for Blåsjø såg me at dyra brukte større område dette året.

### ***Utviklingstrekk/utfordringer***

Me vil framleis bistå merkeprosjektet i Setesdal Vesthei. Me vil òg halde fram arbeidet med dokumentasjon av villreinen sin områdebruk. No er Sett rein-basen vår oppe og går, og alle observasjonar blir lagde inn her. Basen har ei kartinnsynsløysing.

### ***Anbefalte oppfølgingspunkter neste år***

Villreinarbeidet fortset i hovudsak som før.



Illustrasjonen viser simle 0157 sine posisjonar under jakta i haust.

- **Motorferdsel**

*Kort om aktivitet*

Det vert framleis brukt mykje tid på oppsyn knytt til lov om motorferdsel. I tillegg til våre egne kontrollar i samband med anna aktivitet, vert det gjennomført kontrollar i lag med politiet. Mellom anna vart det avdekkja alvorlege brot på verneforskrifta i samband med køyring frå Hovden og vestover inn i Suldal. Køyringa gjekk tvers gjennom dei viktige kalvingsområda nord for Vatnedalen. Saka kjem truleg snart opp for retten. Me hadde kontroll i samband med Sesilåmi. Det vart ikkje avdekkja regelbrot i samband med arrangementet. Me har hatt kontrollar og delteke med informasjon knytt til hyttefelt i SVR. I samband med fellingsløyve på jerv vart det kontrollert at vilkåra for køyring vart fylgde.

*Utviklingstrekk/utfordringar*

Det vart endringar i reglane for motorferdsel i 2015. Regelendringane skal i seg sjølv ikkje få verknader for verneområda.

Den nye ordninga for køyring på redningsøvingar m.v., har ikkje ført til særlege problem. Nokre stader trengs det likevel meir informasjon og kontroll.

*Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

SNO vil auke aktiviteten på området i tråd me sentrale føringar.

Me vil følgja ekstra med der det blir opna for rekreasjonskøyring i nærleiken av verneområda. I Frafjordheiane er det framleis trang for auka oppsynsaktivitet, men bemanninga og lokaliseringa av SNO gjer at dette området framleis får for lite oppsyn.

- **Friluftsliv/bruk**

*Kort om aktivitet*

SNO har vidareført innsatsen mot barn og unge dette året. Me deltok m.a. på Heiedagane i Hjelmeland og ungdomsturar i Suldal og Sirdal. Me deltok på messa "Tinget" i Hægebostad, og hadde vellukka stand i lag med forvaltninga for SVR.

Me har bistått NINA med ferdselsteljing i turiststiane rundt Brokke-Suleskarvegen og vegen til Store Urdevatn. Grunna store snømengder rundt Blåsjø, vart det ikkje registreringar her.

*Utviklingstrekk/utfordringar*

Det er framleis trong for registreringar av ferdsla i verneområda. Dette gjeld både turiststiar og bilvegar. Registreringar er etterspurt for Frafjordheiane, og då særleg på stien inn til Kjerag.



Godt fiske i fjellet i sommar!

- **Andre registreringar**

*Kort om aktivitet*

I vinter var det vanskelege sporingsforhold, og me registrerte ikkje spor etter store rovdyr. I haust vart det dokumentert jervspor ved Langhodd i Bykle og i Dyrheio i Suldal.

Etter et år med svært mykje smånagarar og god hekking i 2014, vart det eit dårleg år i år både for jaktfalk og kongeørn.

Rypehekkinga såg ut til å vere dårlegare enn i fjor, men med store variasjonar frå område til område.

## 2. Utkvittering av bestilte tiltak 2015

Oversikt over tiltak SNO har delteke i eller gjennomført i verneområda:

Styrebefaring Håheller, Øvre Sirdal og Frafjordheiane  
Utskifting av infotavler, Øygardsstøl og Lortabu  
Opplæringstiltak for ungdom i lag med Suldal fjellstyre.  
Heiedagane i Hjelmeland (Skulearrangement)  
Ungdomstur i Sirdal  
Bevaringsmål, Øyastøl NR i Hjelmeland  
Delteke på tilsynsutvalsmøte i Hjelmeland og Suldal.  
Befaring med kontaktutvalet i Dyraheio LVO.  
Befaring i lag med SVR i Frafjordheiane LVO (Kjærag)  
Ferdelsregistreringar i SVR  
Skifta verneskilt  
Uttransport av søppel, beslag og hittegoods



*Infotavle Øygardstøl.*



*Forvaltninga var med i felt*

## Statens naturoppsyn (SNO)

SNO er miljøforvaltningens operative feltorgan som er myndighetsutøver etter lov om statlig naturoppsyn av 21. juni 1996. Loven gir SNO-personell tilsynsmyndighet og ansvar for oppsyn med overholdelse av følgende miljølover; friluftsløven, naturmangfoldloven, motorferdselsloven, kulturminneløven, viltloven, laks- og innlandsfiskloven, markaløven og deler av forurensningsloven i hele landet, både på offentlig og privat grunn. Oppgaven er todelt og retter seg både mot tilsyn og overvåking av naturtilstanden og tilsyn med menneskets atferd i naturen i forhold til gjeldende regelverk.

Den nasjonale ledelsen i SNO ligger i Miljødirektoratet i Trondheim og det heltidsansatte lokale naturoppsynet har arbeidssted tilknyttet sitt geografiske oppsynsområde, totalt 61 lokale kontorer, med til sammen 93 ansatte ved starten av 2011. Organisasjonen er delt i seks seksjoner; to kystseksjoner, to nasjonalparkseksjoner, en rovviltseksjon og en naturveilederseksjon.

Hovedoppgavene er informasjon og veiledning, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. I dette inngår også viktige oppgaver innen rovviltforvaltning, bl.a. bestandsregistrering og skadedokumentasjon knyttet til den lovfestede erstatningsordningen på bufe og tamrein. Virksomheten er basert på egne oppsynsstillinger i kombinasjon med kjøp av tjenester og samarbeid med andre oppsynsordninger lokalt og regionalt. SNO har også et overordnet ansvar for Skjærgårdstjenesten, en interkommunal ordning med hovedansvar for skjærgårdsparkene mellom Bergen og Halden. En viktig utfordring for naturoppsynet er å skape forståelse og respekt for regelverket som finnes på dette området.

Det blir lagt vekt på å etablere godt samarbeid med de andre aktørene innen naturoppsyn. Dette gjelder både fjelloppsynet i regi av fjellstyrene, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særlig er samordning med politiet viktig når det gjelder kontrolloppgavene. Samarbeidet er formalisert gjennom avtaler, rolleavklaringer og tjenestekjøpsavtaler. På denne måten blir naturoppsynet mer effektivt og profesjonalisert. Virksomheten er fortsatt i vekst og utvikler seg i tråd med de rammer som finnes i lovforarbeider og gjennom den løpende styringsdialogen med Miljøverndepartementet.

